



Hospitantordning for fruktprodusentar 2016 – 2018

Hospitantordning for fruktprodusentar 2016–2018

▶ *Opplegg:*

- ❖ *Telefrukt Produsentlag har, etter søknad, fått tildelt RLK- midlar (rekruttering- likestilling- kompetanseheving) frå Telemark fylkeskommune til gjennomføring av kompetansehevingsprogram for fruktprodusentar. Opplegget er ikkje fasttømra og blir tilpassa litt til ønsker, behov og moglegheiter for deltakarane. Planen er at 3- 5 produsentar reiser saman og hospiterer hjå 1 fruktprodusent/rådgivingsinstitusjon i anten Sverige, Danmark eller Nederland og gjennomfører 3 besøk à 3-5 dagar (inkl. reisedagar). 1 rådgivar/konsulent blir med i reisefylgjet. Det er aktuelt å bruke helgar til reise/opphald for å unngå å bruke for mange feriedagar for dei som har jobb utanom garden. Planen er å gjennomføre besøka i april, juni og september (det siste må vi vurdere litt for å unngå kollisjon med haustinga her heime). I 2016 konsentrerer vi oss om konvensjonell epleproduksjon (så får vi heller sjå om vi endrar på dette i 2017/2018) og ideen er at det er dei samme produsentane som reiser kvar gong for at dei skal kunne fylgje utviklinga gjennom vekstsesongen. Opplegget er at hospitantane skal delta i alt forefallande arbeid for å lære tankegang, arbeidsoperasjonar, plantefysiologi, mekanisering, økonomi og marknadstilpassing m.m.*

▶ *Mål:*

- ❖ *Kvar enkelt deltakar skal tileigne seg kunnskap på alle område innanfor fruktproduksjon i det aktuelle landet. Kompetansen skal tilflytte resten av fruktmiljøet i Telemark og bidrar til at avlingane av kvalitetsfrukt levert Telefrukt AS, aukar med minst 20% i løpet av dei neste 5 åra.*

▶ *Kostnad:*

- ❖ *Eigenandel kr 4.500 pr. deltakar (+ mat og drikke).*

▶ *Påmelding:*

- ❖ *Snarast til Jan Meland; e-post: jan.meland@midt-telemark.no, tlf. 90789366. Her gjeld prinsippet «først til mølla»! Blir det mange påmelde, får dei som ikkje får plass i år, ny sjanse i 2017 og 2018.*